



FJELL KOMMUNE

Plan- og utbyggingssjefen

Det Kongelige Landbruks- og matdepartement

Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.:	2010/67-49
Mottatt:	29 APR 2010
Saksbehandler:	ASR/SEB
Arkiv:	410
Kopi:	

Dykkar ref.

Vår ref.
2010/544 - 8607/2010

Saksh. - tlf.
Espen Elstad - 56 32 66 04

Dato
28.04.2010

Uttale til høring - forslag om endring i FOR-1997-05-02.423 - Forskrift om nydyrking

Forslaget om endring i nydyrkingsforskrifta har departementet grunna i landbruket skal ta sitt ansvar for å redusere utslipp av CO2. Departementet foreslår at det vert eit generelt forbod mot nydyrking av myr og av jordbruksareal som har vore unytta i meir enn 20 år eller som på grunn av manglande vedlikehald av dreneringa har gått over til å bli myr.

Fjell kommune ligger vest om Bergen og har små gardsbruk. Bare eit fåtall gardar er odelseigedomar etter lovendringane i juli 2009. I ei tid der landbrukspolitikken i stadig større grad favoriserar dei større bruka er einaste alternativet for gardane våre å nydyrke myr for å kunne auke produksjonen innanfor det tradisjonelle landbruket. Vi har derfor hatt ein eller to saker per år. Desse kjem gjerne frå gardar som ser utviding som einaste alternativ til å leggja ned drifta. Nydyrking skjer gjerne i samband med andre investeringar på eigedomen, t.d. driftsbygningar. Elles vil det ikkje vere mogleg å få statleg støtte til investeringar frå Innovasjon Norge innan tradisjonelt landbruk. Kravet til investeringsstøtte er 75 vinterfora sauer.

Topografien og dei naturgjeve forholda gjer at bøndene i Fjell ofte må køyra mange kilometer for å få leigd slåtteareal. Da helst utanfor dei meste attraktive område å bu eller utvikle til industri i kommunen. I ein vekstkommune er det vanskeleg for bøndene å få langsiktige avtalar for leige pga spekulasjonar om alternativ bruk av areala. For å forsvare investeringar i bygningar og driftsapparat må derfor den einskilde bonde så langt som råd gjere seg uavhengig av leigejord.


Fjell er uroa over dei konsekvensane som eit generelt forbod mot nydyrking vil ha i vår kommune. Klimaspørsmålet skal vi ta på alvor, men det spør om dei lokale konsekvensane på lang sikt vil bli større enn dei ulempene vi vil ha med nydyrking av myr. Mange ønskjer å sikre framtidig drift på garden sin, også av neste generasjon, men då må garden ha ein storleik som kvalifiserer for produksjonsstøtte og helst momsregistrering.

Eit innsyn i AR5 for Fjell syner at kommunen har totalt areal som vist i tabellen nedanfor. Tabellen syner at det finst eit stort potensiale i dyrking av myr, sjølv om ein del av dette ligg lokalisert slik at nydyrking ikkje er aktuelt.

Fulldyrka	Overflatedyrka	Innmarksbeite	Myr
1353 daa	1000 daa	3395 daa	3517 daa

Fjell kommune åtvarar mot dei konsekvensane eit generelt forbod mot nydyrking kan ha for lokalt landbruk og ber om ein meir nyansert tilnærming til korleis nydyrking bør gjerast for å verne om landbruket og samstundes ta klimaansvar.

Med helsing



Espen Elstad
fagleiar miljø og landbruk